

Tur nr 17 Vardanosi

Panoramaturen: Flott tur som gjev storslått utsyn over store delar av Vest-Jotunheimen og Breheimen.

Tid: 4 timar samla gangtid
Høgde: 900 - 840—1411 meter
Lengde: 7 km Tur retur
Kart: Sognefjell 1518 III (1:50000)
el Breheimen (1:100000)
Post: Ved varden
Merka: T-merka og O-merka

Parkering: N 61°30'14.3" E 07° 48' 09.5"

Køyr på riksveg 55 til Turtagrø. Parker på parkeringsplass aust for Turtagrø hotell.

Start fottur: Ta stien nedover frå avkøyringa til hotellet, eller følg riksveg 55 nedover. Ta av til høgre mot stølen Gjesingane. Frå Gjesingane tek du stien mot Vardanosi, Stølsdalen og Nørddstedalen.



Turen

Gjesingane var vårstøl for Fortun og Optun. Stien tek av frå stølen opp mot tippet frå kraftutbygginga på 1950- og 60talet. Stien går forbi Stølsdalen, og fører heilt til Nørddstedalsseter. Ovanfor steintippet passerer me eit bekkeinntak for kraftstasjonen i Fortun. På 1090 moh kryssar stien Gjesingelva. På 1160 moh tek han av vestover mot Vardanosi. Her er ikkje nokon tydeleg sti sidan det er lite vegetasjon, men tydeleg o-merking gjer det lett å finna fram.

I området ut mot Vardanosi finn ein fleire små tjørner eller dammar. Tidlegare vertinne på Turtagrø, Astri Drægni, fortel at både ho og fleire av tenestefolkka på hotellet tok denne turen i fristundene, og at dei då gjerne bada i dammane på fjellet. Her kan ein bada og nyta

utsynet mot Hurrungane.

På toppen

Vardanosi byr på strålende utsyn i alle retningar. I vest ligg Jostedalsbreen, i sørvest Lusterfjorden og fjella ikring. I sør ruvar Hurrung-massivet med Skagastølstindane, og i aust finn me Fanaråken og Steindalsnosi. Store Skagastølstind (Storen 2405 m) er Noregs tredje høgste fjelltopp, og eit populært mål for fjellklatrarar frå mange land. Engelskmannen W.C. Slingsby var den første til topps her i 1876. Når klatrarane kom til Turtagrø med familien, var det vanleg at konene tok turen til Vardanosi medan mennene klatra i Hurrungane. Konene hadde dermed eit utmerka utsyn mot klatreområdet. Framleis er Turtagrø det beste utgangspunktet for klatring i Jotunheimen.



Fanaråken

Steindalsnosi

Oskarshaug



Me ønskjer Dykk ein interessant og hyggeleg tur.
Skjolden Aktiv og IL Fanaråk

Foto: Arne Hauge Tekst, Layout og Copyright: Vatne Vision
hav@online.no vatna@post.com